# UPED620 - Basismodul

| | |
|---|---|
| **Emnenavn/namn/name** | UPED620 – Basismodul |
| **Studiepoeng** | 10 |
| **Undervisningssemester** | Høst og vår |
| **Undervisningsspråk** | Norsk |
| **Studienivå** | Ingen |
| **Institutt** | Institutt for pedagogikk |
| **Krav til studierett** | Kurset er ope for tilsette i vitskaplege stillingar ved Universitetet i Bergen. Nytilsette i faste vitskaplege stillingar har førerett til deltaking |
| **Mål og innhald** | Modulen har som overordna mål å bidra til at Universitetet i Bergen reflekterer over lærings- og undervisingsspørsmål med utgangspunkt i forskingsbasert og erfaringsbasert kunnskap om læring og undervisning i høgare utdanning.<br><br>Modulen har tre grunnkomponentar:<br>1: Erfaringsbasert læring. Modulen tek utgangspunkt i deltakaranes eigne erfaringar som studentar og lærarar i høgare utdanning, og i dei ulike typar læringsaktivitetar deltakarane er med på i modulen.<br>2: Kritisk refleksjon. Deltakarane reflekterer over og analyserer læringsmiljø og undervising i høgare utdanning med hovedfokus på studentar si læring.<br>3: Kollegarettleiing i undervisningen. Deltakarane diskuterer, samarbeider og observerer kvarandres undervising som ledd i å være medlemmer av et bredt fellesskap av undervisarar ved universitetet.<br><br>Innhald: Oppfatningar om læring og undervising, studentfaktorar i læringsprosessen, studentaktive læringsformer, design av gode læringsmiljø, vurdering og evaluering, utdanningspolitiske dokument. |
| **Læringsutbyte** | Modulen tek utgangspunkt i deltakaranes eksisterande kunnskaper og ferdigheiter. Læringsutbytte blir difor uttrykt som *Generell kompetanse.* Ved modulens slutt skal deltakarane:<br><br>– kunne reflektere over og analysere korleis eigen undervisningspraksis medverkar til studentanes læring, i lys av forskings- og erfaringsbasert |

| | |
|---|---|
| | kunnskap om læring og undervising i høgare utdanning.<br><br>– kunne utforme og kritisk vurdere kursdesign slik at det er samanheng mellom læringsutbyttebeskrivelsar, val av lærings- og undervisingsformer, og val av vurderingsformer.<br><br>– kunne bidra til at Universitetet i Bergen blir ein stadig betre utdanningsinstitusjon gjennom samarbeid, diskusjon og leiing av læringsfremjande tiltak. |
| **Krav til forkunnskapar** | Ingen |
| **Undervisning og omfang** | Modulen har 7 undervisingsdagar på 7 timar og 2 kollegabesøk på 3 timar. Undervisinga er samansett av 2 samlingar på 3 dagar med ein mellomperiode på 2-3 månader og 1 dagssamling i det påfølgande semesteret, der deltakarane skal legge fram rapport frå det obligatoriske utviklingsarbeidet for kvarandre. Kollegabesøkene føregår i mellomperioden mellom 1. og 2. samling.<br>Modulen er kullbasert med ca. 20 deltakarar på kvart kull. |
| **Obligatoriske arbeidskrav** | For å få godkjent kurset må deltakarane ha delteke på minimum 80% av undervisinga. |
| **Vurderingsformer** | Deltakarane utfører eit skriftleg arbeid i etterkant av modulen som må godkjennast. |
| **Karakterskala** | Ved sensur av emnet vert karakterskalaen greidd/ikkje greidd nytta. |
| **Læremiddelomtale** | Ei tematisk ressurslitteraturliste vil bli tilgjengeleg. |
| **Undervisningsstad** | Bergen |
| **Emneevaluering** | Studentane føretek ei skriftleg evaluering av kurset. |
| **Kontaktinformasjon** | For meir informasjon, venlegast send ein epost til uniped@uib.no |